



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 40

(2004–2005)

Om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrensmål eller som kan ramme vilkårleg

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 18. februar 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Samandrag

I 2001 vart det sett i gang forhandlingar med sikte på å kome fram til reguleringar for å hindre at blindgengarar og etterlaten ammunisjon skader sivilbefolkninga etter at stridshandlingar er over.

Forhandlingane fann stad innafor ramma av FN-konvensjonen av 10. oktober 1980 om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrensmål eller som kan ramme vilkårleg (FN-konvensjonen om inhumane våpen).

Konvensjonen sitt statspartsmøte vedtok 27.-28. november 2003 ein ny protokoll (protokoll V) om eksplosive krigsleivningar, også slike som stammar frå bruk av klaseammunisjon (levert frå fly og med artilleri eller rakettar). Noreg har, i samsvar med Stortinget sitt vedtak 14. juni 2001, vore ein aktiv pådrivar i forhandlingane med sikte på å få så forpliktande internasjonale reguleringar som mogleg.

Målet med protokollen er å redusere dei humanitære lidningane som følgjer av at eksplosive krigsleivningar drep, lemlestar og skader sivilbefolkninga etter at ein væpna konflikt er over. Den søker også å betre sivilbefolkninga si moglegheit til raskare å kunne ta i bruk eigedom og jord-

bruksområder som er råka av eksplosive krigsleivningar.

Hovudvekta i protokollen er på tiltak som skal setjast inn etter at stridshandlingane er over, mellom anna opprydding og anna assistanse i områder med eksplosive krigsleivningar. Protokollen inneheld også reglar om vern av sivilbefolkninga frå konsekvensane av eksplosive krigsleivningar og om utveksling av informasjon mellom partane i ein konflikt slik at rydding kan finne stad. Reguleringane i protokollen skal gjelde både for interne og internasjonale konflikter.

Generelle førebyggjande tiltak av friviljug karakter er teke med i det tekniske vedlegget til protokollen.

Sjølv om protokollen er mindre omfattande enn det ein frå norsk side har arbeidd for, er den eit viktig første steg på vegen mot meir vidtgående internasjonale reguleringar på bruk av klaseammunisjon.

Samstundes med vedtaket av protokoll V, vedtok statspartsmøtet å vidareføre konsultasjonar som på sikt kan føre til eit instrument om førebyggjande tiltak mot eksplosive krigsleivningar. Slike tiltak kan vere knytte til bruk av ammunisjon eller tekniske forbetringar som reduserer talet på blindgengarar.

Om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrengsmål eller som kan ramme vilkårlig

Protokollen med teknisk vedlegg i engelsk originaltekst med omsetjing til norsk ligg ved proposisjonen.

2 Bakgrunn

Noreg underteikna FN-konvensjonen om inhumane våpen 10. april 1981 og ratifiserte den 7. juni 1983. Konvensjonen trådte i kraft 2. desember 1983. Den har form av ei rammeavtale, der meir spesifikke avtalar om våpentypar inngår i form av protokollar: Protokoll I inneheld forbod mot eller restriksjonar på bruk av fragmenteringsvåpen, protokoll II avgrensar bruk av landminer og minefeller, protokoll III omhandlar brannvåpen og protokoll IV omhandlar blindande laservåpen.

Konvensjonen har i dag 92 statspartar. Nye statar som sluttar seg til, må binde seg til å etterleve minst to av protokollane.

Utover 1990-talet auka den internasjonale merksemda omkring utfordringar knytte til eksplosive krigsleivningar og etterlaten ammunisjon. Sivilbefolkninga vert påført stor lidning, både i form av direkte skader og tap av menneskeliv, men også ved at slike leivningar hindrar gjenoppbygging av krigsherja områder. Utan rydding av slike krigsleivningar kan områder ikkje nyttast til jordbruk. Retur av flyktingar og internt fordrevne vert vanskeleg, og effektiv humanitær støtte vert hindra. Eksplosive krigsleivningar representerer derfor også eit stort utviklingsproblem.

3 Forhandlingsprosessen

Stortinget vedtok 14. juni 2001 å be Regjeringa om «å gi aktiv støtte til internasjonalt arbeid som kan føre til et forbud mot klasebomber, på linje med forbudet mot antipersonellminer». Vedtaket vart fatta i samband med handsaminga av St.meld. nr. 46 (2000–2001) om samarbeidet i Atlanterhavspakt-organisasjonen i 2000.

I brev av 14. august 2001 frå Utanriksdepartementet, gjengitt i St.meld. nr. 4 (2001–2002), side 42, gjorde den dåverande Regjeringa greie for oppfølginga av Stortinget sitt vedtak. Regjeringa peika på at den «støtter internasjonalt arbeid som har til hensikt å regulere og, om nødvendig forby bruk av våpen og ammunisjon som kan ha en utilsiktet inhuman effekt. På den internasjonale nedrustningsarena foregår det imidlertid intet arbeid som på kort eller mellomlang sikt har som målsetting å komme fram til et totalforbud mot «klasebomber». Ingen stater har på det nåværende tidspunkt tatt til orde for dette. Det gjør heller ikke Det Internasjonale Røde Kors.»

Avslutningsvis seier Regjeringa som følger: «En tilnærming basert på i første omgang regulering av bruk, for så å bevege seg over til et forbud mot nærmere definerte «klasebomber», vil forøvrig være i tråd med den som førte fram til totalforbudet mot antipersonellminene.»

Den noverande Regjeringa tok på seinhausten 2001 ytterlegare initiativ med sikte på å følgje opp Stortinget sitt vedtak av 14. juni 2001. Det vart konsultert med nære allierte og partnarar om det var mogleg å sette i gang arbeid med sikte på å forby «klasebomber» i tråd med vedtaket, men det var inga støtte for tanken om eit totalforbud. I desse konsultasjonane vart eit totalforbud avvist som ei uaktuell problemstilling på grunn av bombene si militære rolle. Alternative våpen eller ammunisjonstypar vart framheva for å ha vel så store negative humanitære konsekvensar.

Utanriksministeren orienterte Stortinget 28. februar 2002 om Regjeringa si oppfølging av Stortinget sitt vedtak. Han viste m.a. til at: «Ut fra de drøftinger vi har hatt, er grunnlaget ikke til stede for et selvstendig norsk initiativ om et totalforbud. Jeg har derfor lagt til grunn at vi fra norsk side nå konsentrerer oss om i første omgang å videreføre arbeidet for å samle enighet om reguleringer av bruk av klasebomber». Ingen representantar hadde substansielle merknader til utanriksministeren si utgreiing på dette punktet.

Frå norsk side valde ein derfor å vidareføre arbeidet på dette feltet innafor ramma av FN-konvensjonen om inhumane våpen med sikte på å einast om så omfattande reguleringar som mogleg. Ein gjekk inn for at forhandlingsmandatet ikkje skulle avgrensast til berre å omhandle tiltak etter at ei væpna konflikt er over, men også opne for førebyggjande tiltak, som til dømes forbod mot bruk av visse ammunisjonstypar mot militære mål i tettbygde strøk. Dette gjaldt i særleg grad klaseammunisjon. Ein gjekk også inn for å stille strenge krav til kor påliteleg ammunisjonen skal vera (dvs. redusere talet på blindgjengarar), i tillegg til tiltak som stilte krav til opprydding, hjelp og assistanse.

Under førebuingane til den andre tilsynskonferansen for FN-konvensjonen om inhumane våpen, la den Internasjonale Raude Kross-komiteen (IRKK) fram eit forslag om ein ny protokoll om eksplosive krigsleivningar. IRKK la til grunn fire prinsipp som skulle inngå i ein slik protokoll: ryddeansvar, varsling til sivilbefolkninga, utveksling av informasjon, og forbod mot bruk av visse ammunisjonstypar mot militære mål i tettbygde strøk. Noreg høyrde til kretsen av land som støtta IRKK sitt forslag, inkludert dei fire prinsippa.

Tilsynskonferansen etablerte ei ekspertgruppe

Om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrensmål eller som kan ramme vilkårleg

med mandat til å setje i gang konsultasjonar om problem knytte til eksplosive krigsleivningar, ut frå eit humanitærrettsleg, tryggingsspolitisk og teknisk perspektiv.

Det vaks etter kvart fram semje om eit forhandlingsmandat der ein først og fremst skulle ta sikte på eit instrument for tiltak etter at ei væpna konflikt er over. Dette skulle gjelde ansvar for rydding og utveksling av informasjon, støtte til ofre for eksplosive krigsleivningar, og varsling av sivile. Det var også semje om ei tilnærming som gjorde det mogleg å fange opp relevante våpentypar, også klaseammunisjon. Ekspertgruppa sitt arbeid førte til at det neste statspartsmøtet i desember 2002, ga mandat til formelle forhandlingar om eit nytt instrument om dette.

Sjølv om forhandlingsmandatet, slik det vart vedteke, ikkje opna for arbeid for eit totalforbod mot klaseammunisjon, opna det for ei drøfting om tiltak for å avgrense dei humanitære skadeverkna-dene av bruken av slik ammunisjon.

Ekspertgruppa arbeidde vidare med dette i 2003 og tilrådde ein ny protokoll V for statspartsmøtet om hausten.

4 Forhandlingsresultatet

Statspartsmøtet for FN-konvensjonen om inhumane våpen vedtok 28. november 2003, ved konsensus, ein ny protokoll V om eksplosive krigsleivningar. Protokollen vil tre i kraft seks månader etter at 20 land har ratifisert han.

Hovudvekta i protokollen er på tiltak som skal setjast inn etter at stridshandlingar er over, mellom anna opprydding og assistanse i områder som er ramma. Protokollen inneheld også reglar om overføring av informasjon og om vern av sivilbefolkninga frå konsekvensane av eksplosive krigsleivningar.

I forhandlingane var det usemje om ordlyden omkring ryddeansvaret til partane i konflikten. Einskilde land var særleg negative til ein ordlyd som kunne tydas som eit pålegg om å gi støtte til, eller samarbeide med ein tidlegare fiende frå konflikta. Noreg gjekk inn for å gjere ordlyden så vidtrekande og bindande som mogleg.

Noreg var vidare pådrivar for å få inn ein referanse om støtte til ofre for eksplosive krigsleivningar, og om registrering og utveksling av informasjon. Den nye protokollen fekk eigne reguleringar om desse spørsmåla.

Det var ikkje råd å få semje om at protokollen skulle gjelde eksplosive krigsleivningar frå tidlegare konflikter. Dette er lite forplikande med om-

syn til dei behov som allereie eksisterer, sjølv om protokollen gjev rett til å be om støtte til rydding også i slike høve.

Drøftingane om omfanget av støtte til rydding av krigsleivningar avspeglar mykje av den tradisjonelle nord-sør problematikken. Statane frå sør ynskte sterke bindingar, men ein vart til slutt samd om å ikkje gå lengre enn ordlyden i Konvensjonen om forbod mot antipersonellminer av 18 september 1997, der dei partane «som er i stand til det» vert oppfordra til å yte støtte.

Eit overgripande spørsmål gjaldt status for det nye instrumentet. Einskilde land ynskte at protokollen berre skulle vere politisk bindande. Mot slutten av forhandlingane vart det likevel klart at alle forhandlingspartar kunne godta at protokollen skulle vere rettsleg forplikande.

Det vart vedteke at den nye protokollen også skulle gjelde for interne væpna konflikter.

5 Vidare forhandlingar

Statspartsmøtet for konvensjonen ga alt i november 2002 mandat til å setje i gang konsultasjonar om førebyggjande tiltak. Samstundes som det føregjekk forhandlingar om den nye protokoll V, vart det såleis halde drøftingar om førebyggjande tiltak for spesifikke våpen- og ammunisjonstypar, også klaseammunisjon. Det vart lagt til grunn at ein skulle vurdere nærmare korleis eksisterande internasjonal humanitær rett avgrensar bruk av slike våpen, og at ein skulle drøfte nærmare korleis tekniske forbetringar ved ammunisjon kan redusere talet på blindgengarar.

Statspartsmøtet i november 2003 vedtok eit mandat for det vidare arbeidet i ekspertgruppa som inneber å føre vidare konsultasjonar om dei folkerettslege sidene ved bruk av klaseammunisjon. Samstundes skal ein sjå nærmare på førebyggjande tiltak som kan bidra til å avgrense forekomsten av eksplosive krigsleivningar. Dette mandatet kom i stand etter norsk initiativ, med støtte frå EU-landa, Australia, Canada, New Zealand og enkelte alliansefrie land.

6 Dei ulike artiklane i protokoll V om eksplosive krigsleivningar

Protokollen består av 11 artiklar.

Artikkel 1 fastset protokollen sitt generelle virkeområde. Den slår fast at protokollen også skal omfatte interne konflikter.

Artikkel 2 definerer eksplosive krigsleivningar.

Om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrengsmål eller som kan ramme vilkårleg

Ein har lagt til grunn ei generell tilnærming, der ein i staden for å liste opp våpen- og ammunisjons-typar har valt å skilje ut miner som er regulerte gjennom andre instrument. Eksplosive krigsleivningar som stammar frå konflikhtar før den nye protokollen trer i kraft er ikkje omfatta av protokollen.

Artikkel 3 omhandlar rydding, fjerning og destruering av eksplosive krigsleivningar. Artikkelen fastset ansvaret til den part som har kontroll over territoriet der det finst eksplosive krigsleivningar, brukarar som ikkje har slik kontroll, andre statspartar og det internasjonale samfunnet. Den slår fast at humanitære omsyn skal liggje til grunn ved prioritering av rydding, fjerning og/eller destruering.

Artikkel 4 omtalar partane sine plikter til å registrere, ta vare på og utveksle opplysningar om bruk av eksplosiv, og til å gjere opplysningane tilgjengeleg for alle partar som har eit rydde- og opplysningsansvar etter at stridshandlingane er over.

Artikkel 5 gjeld åtgjerder til vern av sivilbefolkninga og sivile føremål mot farene og verknadene av eksplosive krigsleivningar. I det tekniske vedlegget er det oppgitt nærmare forholdsregler om varsling og informasjon samt rettleiing for merking av områder.

Artikkel 6 regulerer vern av humanitære oppdragseiningar og organisasjonar mot verknaden av eksplosive krigsleivningar. Reguleringane omfattar partane i ei konflikt si plikt til å verne slike mot verknadene av eksplosive krigsleivningar, samt partane si plikt til å gi relevant informasjon om kjend og mogleg lokalisering av slike leivningar dersom ein involvert humanitær oppdragseining eller organisasjon ber om det.

Artikkel 7 gjeld støtte med omsyn til eksisterande eksplosive krigsleivningar. Protokollen har ikkje tilbakeverkande kraft, men alle statspartar har rett til å be om støtte til handtering av slike eksplosive krigsleivningar.

Artikkel 8 slår fast at alle partar som evnar skal yte støtte til merking, rydding, fjerning eller destruering av eksplosive krigsleivningar, samt gje informasjon til sivile. Artikkelen presenterer moglege kanalar for slik støtte bilateralt, gjennom FN, Raude Kross- og Raude Halvmåne-systemet eller andre friviljuge organisasjonar. Partane pliktar å gi opplysningar om databasar, ulike metodar og teknologiar, og på friviljug basis, teknisk informasjon om relevante typar eksplosiv.

Artikkel 9 oppfordrar partane til å treffe generelle førebyggjande tiltak med sikte på å redusere

førekkomsten av eksplosive krigsleivningar slik det vert omtala i det tekniske vedlegget, del 3.

Artikkel 10 slår fast at dersom 18 statspartar ber om det, vil det bli kalla inn til konferanse for dei høge kontraherande partar for å handsame alle spørsmål som gjeld protokoll V.

Artikkel 11 pålegg statspartane å sørje for at forsvaret og relevante nasjonale institusjonar sender ut naudsynte instruksar for å følgje opp pålegga i protokollen. Partane pliktar å samrå og samarbeide bilateralt, gjennom FN eller eigna internasjonale prosedyrar for å løyse eventuelle vanskar med tolking eller bruk av reguleringane i protokollen.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Norsk tilslutning til protokollen vil ikkje medføre særskilde økonomiske eller administrative konsekvensar utover at den må gjerast kjend innan Forsvaret og dei friviljuge organisasjonane som opererer i konfliktområder.

Etter protokollen pliktar ein å utveksle informasjon om eige bruk av ammunisjon som kan medføre eksplosive krigsleivningar i konfliktområder og til å ta ansvar for rydding av slike. Endringar i norsk lov eller forskrift trengst ikkje.

8 Vurdering og tilråding

Protokollen om eksplosive krigsleivningar representerer eit viktig internasjonalt framsteg på det humanitære området. Den vil kunne bidra til å redusere sivilbefolkninga si lidning etter at ei væpna konflikt er over. Protokollen vil vidare bidra til å fremje konkret samarbeid om rydding av områder etter at stridshandlingane er over.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrengsmål eller som kan ramme vilkårleg.

Om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrengsmål eller som kan ramme vilkårleg

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrengsmål eller som kan ramme vilkårleg i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrengsmål eller som kan ramme vilkårleg

I

Stortinget samtykker til godkjenning av protokoll om eksplosive krigsleivningar av 28. november 2003 til FN-konvensjonen om forbod mot eller re-

striksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrengsmål eller som kan ramme vilkårleg.

Vedlegg 1**Protocol on Explosive Remnants of War**

The High Contracting Parties,

Recognising the serious post-conflict humanitarian problems caused by explosive remnants of war,

Conscious of the need to conclude a Protocol on post-conflict remedial measures of a generic nature in order to minimise the risks and effects of explosive remnants of war,

And willing to address generic preventive measures, through voluntary best practices specified in a Technical Annex for improving the reliability of munitions, and therefore minimising the occurrence of explosive remnants of war,

Have agreed as follows:

*Article 1***General provision and scope of application**

1. In conformity with the Charter of the United Nations and of the rules of the international law of armed conflict applicable to them, High Contracting Parties agree to comply with the obligations specified in this Protocol, both individually and in co-operation with other High Contracting Parties, to minimise the risks and effects of explosive remnants of war in postconflict situations.
2. This Protocol shall apply to explosive remnants of war on the land territory including internal waters of High Contracting Parties.
3. This Protocol shall apply to situations resulting from conflicts referred to in Article 1, paragraphs 1 to 6, of the Convention, as amended on 21 December 2001.
4. Articles 3, 4, 5 and 8 of this Protocol apply to explosive remnants of war other than existing explosive remnants of war as defined in Article 2, paragraph 5 of this Protocol.

Protokoll om eksplosive krigsleivningar

Dei høge konvensjonspartane –

som erkjenner dei alvorlege humanitære problema etter konflikatar som kjem av eksplosive krigsleivningar,

som er klar over at det trengst å få vedteke ein protokoll om avhjelpande allmenne tiltak etter konflikatar for å minimalisere risikoane ved og verknadene av eksplosive krigsleivningar, og

som er villige til å vurdere allmenne førebyggjande tiltak, gjennom frivillige og tilrådde framgangsmåtar som er fastsette i eit teknisk vedlegg, for å gjere våpen og ammunisjon meir pålitelege, og dermed minimalisere førekomsten av eksplosive krigsleivningar –

har vorte samde om dette:

*Artikkel 1***Allmenn føresegn og bruksområde**

1. I samsvar med FN-pakta og dei folkerettslege reglane om væpna konflikatar som gjeld for dei, er dei høge konvensjonspartane samde om å etterleve dei pliktene som er fastsette i denne protokollen, både individuelt og i samarbeid med andre høge konvensjonspartar, for å minimalisere risikoane ved og verknadene av eksplosive krigsleivningar etter konflikatar.
2. Denne protokollen skal gjelde for eksplosive krigsleivningar på dei høge konvensjonspartane sitt landterritorium, indre farvatn medrekna.
3. Denne protokollen skal gjelde for situasjonar som følgjer av konflikatar nemnde i konvensjonen artikkel 1 nr. 1 til 6, etter endringane av 21. desember 2001.
4. Artikkel 3, 4, 5 og 8 i denne protokollen gjeld for andre eksplosive krigsleivningar enn eksisterande eksplosive krigsleivningar som definerer i artikkel 2 nr. 5 i denne protokollen.

Article 2**Definitions**

For the purpose of this Protocol,

1. *Explosive ordnance* means conventional munitions containing explosives, with the exception of mines, booby traps and other devices as defined in Protocol II of this Convention as amended on 3 May 1996.
2. *Unexploded ordnance* means explosive ordnance that has been primed, fused, armed, or otherwise prepared for use and used in an armed conflict. It may have been fired, dropped, launched or projected and should have exploded but failed to do so.
3. *Abandoned explosive ordnance* means explosive ordnance that has not been used during an armed conflict, that has been left behind or dumped by a party to an armed conflict, and which is no longer under control of the party that left it behind or dumped it. Abandoned explosive ordnance may or may not have been primed, fused, armed or otherwise prepared for use.
4. *Explosive remnants of war* means unexploded ordnance and abandoned explosive ordnance.
5. *Existing explosive remnants of war* means unexploded ordnance and abandoned explosive ordnance that existed prior to the entry into force of this Protocol for the High Contracting Party on whose territory it exists.

Article 3**Clearance, removal or destruction of explosive remnants of war**

1. Each High Contracting Party and party to an armed conflict shall bear the responsibilities set out in this Article with respect to all explosive remnants of war in territory under its control. In cases where a user of explosive ordnance which has become explosive remnants of war, does not exercise control of the territory, the user shall, after the cessation of active hostilities, provide where feasible, inter alia technical, financial, material or human resources assistance, bilaterally or through a mutually agreed third party, including inter alia through the United Nations system or other relevant organisations, to facilitate the marking and clearance, removal or destruction of such explosive remnants of war.

Artikkel 2**Definisjonar**

I denne protokollen er meint med

1. *eksplosiv*: konvensjonelle våpen og ammunisjon som inneheld sprengstoff, med unntak av miner, minefeller og andre innretningar som definert i den reviderte protokoll II til denne konvensjonen av 3. mai 1996,
2. *udetonert eksplosiv*: eksplosiv som er forsynt med tennsats, er armert, aktivert eller på annan måte klargjort for bruk, og er bruka i ein væpna konflikt. Det kan ha vore fyrt av eller sloppe eller skote ut, og skulle ha eksplodert, men har ikkje gjort det.
3. *leivt eksplosiv*: eksplosiv som ikkje har vore bruka i ein væpna konflikt, men som har vorte leivde eller dumpa av ein av partane i ein væpna konflikt, og som ikkje lenger er under kontroll av den parten som leivde eller dumpa det. Eit leivt eksplosiv kan vere forsynt med tennsats, og kan vere armert, aktivert eller på annan måte klargjort for bruk, men treng ikkje vere det.
4. *eksplosive krigsleivningar*: udetonerte eksplosiv og leivde eksplosiv.
5. *eksisterande eksplosive krigsleivningar*: udetonerte eksplosiv og leivde eksplosiv som eksisterte før denne protokollen tredde i kraft for den høge konvensjonsparten som rår over territoriet der dei er.

Artikkel 3**Rydding, fjerning eller destruering av eksplosive krigsleivningar**

1. Kvar høge konvensjonspart og part i ein væpna konflikt har ansvar som fastsett i denne artikkelen med omsyn til alle eksplosive krigsleivningar på territorium som parten har kontroll over. I dei tilfella der ein brukar av eksplosiv som har vorte eksplosive krigsleivningar, ikkje utøver kontroll over territoriet, skal brukaren etter at dei aktive kamphandlingane er innstilte, dersom det er mogleg, gje støtte i form av mellom anna tekniske, finansielle, materielle eller menneskelege ressursar, på bilateralt grunnlag eller gjennom ein tredjepart som partane er samde om, til dømes gjennom FN-systemet eller andre relevante organisasjonar, for å leggje til rette for merking og for rydding, fjerning eller destruering av slike eksplosive krigsleivningar.

Om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrengsmål eller som kan ramme vilkårleg

2. After the cessation of active hostilities and as soon as feasible, each High Contracting Party and party to an armed conflict shall mark and clear, remove or destroy explosive remnants of war in affected territories under its control. Areas affected by explosive remnants of war which are assessed pursuant to paragraph 3 of this Article as posing a serious humanitarian risk shall be accorded priority status for clearance, removal or destruction.
 3. After the cessation of active hostilities and as soon as feasible, each High Contracting Party and party to an armed conflict shall take the following measures in affected territories under its control, to reduce the risks posed by explosive remnants of war:
 - a. survey and assess the threat posed by explosive remnants of war;
 - b. assess and prioritise needs and practicability in terms of marking and clearance, removal or destruction;
 - c. mark and clear, remove or destroy explosive remnants of war;
 - d. take steps to mobilise resources to carry out these activities.
 4. In conducting the above activities High Contracting Parties and parties to an armed conflict shall take into account international standards, including the International Mine Action Standards.
 5. High Contracting Parties shall co-operate, where appropriate, both among themselves and with other states, relevant regional and international organisations and non-governmental organisations on the provision of inter alia technical, financial, material and human resources assistance including, in appropriate circumstances, the undertaking of joint operations necessary to fulfil the provisions of this Article.
2. Etter at dei aktive kamphandlingane er innstilte, og så snart det lèt seg gjere, skal kvar høge konvensjonspart og part i ein væpna konflikt merkje og rydde, fjerne eller destruere eksplosive krigsleivningar på aktuelle territorium som parten har kontroll over. Område med eksplosive krigsleivningar som etter nr. 3 i denne artikkelen vert vurderte som ein alvorleg humanitær risiko, skal prioriterast når det gjeld rydding, fjerning eller destruering.
 3. Etter at dei aktive kamphandlingane er innstilte, og så snart det lèt seg gjere, skal kvar høge konvensjonspart og part i ein væpna konflikt setje i verk desse tiltaka på aktuelle territorium som parten har kontroll over, for å minske risikoane som eksplosive krigsleivningar utgjør:
 - a. skaffe seg oversyn over eksplosive krigsleivningar og vurdere trugsmålet som desse utgjør,
 - b. vurdere og prioritere kva som trengst, og kva som er praktisk gjennomførleg når det gjeld merking og rydding, fjerning eller destruering,
 - c. merkje og rydde, fjerne eller destruere eksplosive krigsleivningar,
 - d. gjere tiltak for å mobilisere dei ressursane som trengst for å utføre desse oppgåvene.
 4. Ved gjennomføringa av dei ovanfor nemnde aktivitetane skal dei høge konvensjonspartane og partane i ein væpna konflikt ta omsyn til internasjonale standardar, mellom andre dei internasjonale mineryddingsstandardane.
 5. Høge konvensjonspartar skal, når det er føremålstenleg, samarbeide både med kvarandre og med andre statar, relevante regionale og internasjonale organisasjonar og ikkje-statlege organisasjonar om å gje støtte i form av til dømes tekniske, finansielle, materielle og menneskelege ressursar, mellom anna, når omstenda gjer dette føremålstenleg, om å gjennomføre felles operasjonar som krevst for å etterleve føresegnene i denne artikkelen.

Article 4

Recording, retaining and transmission of information

1. High Contracting Parties and parties to an armed conflict shall to the maximum extent possible and as far as practicable record and retain information on the use of explosive ordnance or abandonment of explosive ordnance, to facilitate the rapid marking and clearance, removal or destruction of explosive remnants

Artikkel 4

Registrering, oppbevaring og overføring av opplysningar

1. Dei høge konvensjonspartane og partane i ein væpna konflikt skal, i størst mogleg grad og så langt det lèt seg gjennomføre, registrere og ta vare på opplysningar om bruk av eksplosiv eller leivningar av eksplosiv for å leggje til rette for rask merking og rydding, fjerning eller destruering av eksplosive krigsleivningar, risiko-

Om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrensmål eller som kan ramme vilkårleg

of war, risk education and the provision of relevant information to the party in control of the territory and to civilian populations in that territory.

2. High Contracting Parties and parties to an armed conflict which have used or abandoned explosive ordnance which may have become explosive remnants of war shall, without delay after the cessation of active hostilities and as far as practicable, subject to these parties» legitimate security interests, make available such information to the party or parties in control of the affected area, bilaterally or through a mutually agreed third party including inter alia the United Nations or, upon request, to other relevant organisations which the party providing the information is satisfied are or will be undertaking risk education and the marking and clearance, removal or destruction of explosive remnants of war in the affected area.
3. In recording, retaining and transmitting such information, the High Contracting Parties should have regard to Part 1 of the Technical Annex.

Article 5

Other precautions for the protection of the civilian population, individual civilians and civilian objects from the risks and effects of explosive remnants of war

1. High Contracting Parties and parties to an armed conflict shall take all feasible precautions in the territory under their control affected by explosive remnants of war to protect the civilian population, individual civilians and civilian objects from the risks and effects of explosive remnants of war. Feasible precautions are those precautions which are practicable or practicably possible, taking into account all circumstances ruling at the time, including humanitarian and military considerations. These precautions may include warnings, risk education to the civilian population, marking, fencing and monitoring of territory affected by explosive remnants of war, as set out in Part 2 of the Technical Annex.

opplysning og frigjeving av relevante opplysningar til den parten som har kontroll over territoriet, og til sivilfolk på dette territoriet.

2. Dei høge konvensjonspartane og partane i ein væpna konflikt som har bruka eller leivd eksplosiv som kan ha vorte eksplosive krigsleivningar, skal, så snart dei aktive kamphandlingane er over, og så langt det praktisk lèt seg gjere, samtidig som det vert teke omsyn til dei legitime tryggingsinteressene til desse partane, stille slike opplysningar til rådvelde for den parten eller dei partane som har kontroll over det aktuelle området, på bilateralt grunnlag eller gjennom ein tredjepart som partane er samde om, til dømes Dei sameinte nasjonane eller, på oppmoding, andre relevante organisasjonar som den parten som gjev opplysningar, finn det godtgjort arbeider med eller skal arbeide med risikoopplysning og merking og rydding, fjerning eller destruering av eksplosive krigsleivningar i det aktuelle området.
3. Ved registrering, oppbevaring og overføring av slike opplysningar bør dei høge konvensjonspartane ta omsyn til del 1 i det tekniske vedlegget.

Artikkel 5

Andre åtgjerder for å verne sivilfolket, individuelle sivile og sivile føremål mot risikoane ved og verknadene av eksplosive krigsleivningar

1. Dei høge konvensjonspartane og partane i ein væpna konflikt skal treffe alle moglege åtgjerder på territorium under deira kontroll der det finst eksplosive krigsleivningar, for å verne sivilfolket, individuelle sivile og sivile føremål mot risikoane ved og verknadene av eksplosive krigsleivningar. Moglege åtgjerder er åtgjerder som er praktisk gjennomførlege eller moglege i praksis, omsyn teke til alle rådande omstende, medrekna humanitære og militære omsyn. Desse åtgjerdene kan omfatte åtvaringar, opplysning av sivilfolket om risikoane, og merking, inngjerding og overvaking av territoriet der det finst eksplosive krigsleivningar, slik det er gjort greie for i del 2 i det tekniske vedlegget.

Om samtykke til godkjenning av protokoll av 28. november 2003 om eksplosive krigsleivningar til FN-konvensjonen om forbod mot eller restriksjonar på bruk av visse konvensjonelle våpen som kan skade i utrengsmål eller som kan ramme vilkårleg

Article 6

Provisions for the protection of humanitarian missions and organisations from the effects of explosive remnants of war

1. Each High Contracting Party and party to an armed conflict shall:
 - a. Protect, as far as feasible, from the effects of explosive remnants of war, humanitarian missions and organisations that are or will be operating in the area under the control of the High Contracting Party or party to an armed conflict and with that party's consent.
 - b. Upon request by such a humanitarian mission or organisation, provide, as far as feasible, information on the location of all explosive remnants of war that it is aware of in territory where the requesting humanitarian mission or organisation will operate or is operating.
2. The provisions of this Article are without prejudice to existing International Humanitarian Law or other international instruments as applicable or decisions by the Security Council of the United Nations which provide for a higher level of protection.

Article 7

Assistance with respect to existing explosive remnants of war

1. Each High Contracting Party has the right to seek and receive assistance, where appropriate, from other High Contracting Parties, from states non-party and relevant international organisations and institutions in dealing with the problems posed by existing explosive remnants of war.
2. Each High Contracting Party in a position to do so shall provide assistance in dealing with the problems posed by existing explosive remnants of war, as necessary and feasible. In so doing, High Contracting Parties shall also take into account the humanitarian objectives of this Protocol, as well as international standards including the International Mine Action Standards.

Artikkel 6

Føresegner til vern av humanitære oppdragseiningar og organisasjonar mot verknadene av eksplosive krigsleivningar

1. Kvar høge konvensjonspart og part i ein væpna konflikt skal
 - a. verne, så langt det er praktisk gjennomførleg, mot verknadene av eksplosive krigsleivningar, humanitære oppdragseiningar og organisasjonar som opererer eller skal operere i området som står under kontroll av den høge konvensjonsparten eller parten i ein væpna konflikt, med samtykke frå vedkomande part,
 - b. på oppmoding frå ei slik humanitær oppdragseining eller ein slik humanitær organisasjon gje, så langt det er praktisk gjennomførleg, opplysningar om kvar alle eksplosive krigsleivningar er som parten har kjennskap til på det territoriet der den oppmodande humanitære oppdragseininga eller organisasjonen skal operere eller opererer.
2. Føresegnene i denne artikkelen skal ikkje røre ved gjeldande internasjonal humanitærrett eller andre internasjonale instrument som skal nyttast, eller tryggingrådsvedtak som inneheld føresegner om meir omfattande vern.

Artikkel 7

Støtte med omsyn til eksisterande eksplosive krigsleivningar

